



Frå Turistvegen over Folgefonna. Opp mot Breidablikk er det god sti utført av sherpaer frå Nepal i fjor. Denne ruta inngår i Kvinnherad fjelltrim og TellTur

Kvinnherad Turlag har lagt til rette for fjelltrim med klyppepostar på 16 ulike turmål. Vi har delt kommunen inn i åtte ulike område med to turar i kvart av dei. I 2015 deltok 61 personar i fjelltrimmen. Vi la også til rette for digital turregistrering i samarbeid med Friluftsrådet Vest. 18 turmål har eigen kode. 177 personar registrerte turane sine i TellTur i fjor. Vi trur det blir mange fleire i år. Bli med du og!

Kvinnherad turlag har lagt til rette for fjelltrim med klyppepostar i heile kommunen. I samarbeid med idrettslag, bedriftsidrettslaget Søral og lokale bygdalag er det lagt ut registreringsbøker og klyppetenger på 16 ulike turmål. Vi har delt kommunen inn i åtte ulike område med to turar i kvart av dei. Når ein registrerer seg på minst fem turmål, i tre ulike område, har ein greidd kravet til fullført fjelltrim.

Desse turane inngår i Kvinnherad Fjelltrim: (besøktal 2015 i parentes)^[1]Ulvanosa (9), Feto (49), Mjelkhaug (19), Gråskallen (48), Geitadalstind (3), Kvitegga (37), Melderskin (24), Skålafjell (57), Ænessetra (45), Breidablikk (6), Varden (6), Blånuten (11), Borgundnuten (8), Tjodbergshaugen (31), Ingahogg (35), Svelgabreen (4)

Totalt er det gått 392 turar.

Kvinnherad Fjelltrim er tilrettelagt for at folk flest skal kunna delta og gå turar etter evne. Det har ført til stor aldersspreiing og svært god deltaking av både born og eldre.

Dette er 13. året fjelltrimmen vert avvikla. 13 personar har vore med kvart år frå starten. Totalt fullførte 61 deltakarar fjelltrimmen i 2015. Aldersfordelinga er frå 3 til 77 år blant deltakarane dette året. 8 av deltakarane er 10 år eller yngre. Dei som har fullført fjelltrimmen fem eller ti år mottar ein premie. Johan Storhaug har gått alle dei 16 turane i 2015.

Deltakarar i 2015:


Bjørke Hilde Mæland
Enes Anne Kari
Enes-Slettebakken Gunhild
Enes-Slettebakken Ingrid Helene
Ersvær Kari
Fausk Ann Kristin
Fotland Torill Storhaug
Hansen Torhild Skram
Hauge Arne
Hauge Marit
Haugse Kåre
Heien Aud Ølfernes
Hellesøy Aslaug
Hellesøy Marit
Hellesøy Oddvar
Hellesøy Øystein
Hellingsrud Kirsten Bjørke
Hivand Helga Yri
Hjortås Johan
Hjortås Solveig Herrem
Høyland Bente
Instanes Geir
Jensen Vigdis
Kjærland Nelly
Kroka Ingrid
Kroka Steinar
Kvandal Liv
Leganger Håkon
Liarstøl Lillian Tveit
Lunde Liv Vevik
Mo Solveig
Olderkjær Anne Kari
Omvik Agnar
Probert Sara
Probert David
Raudstein Nils
Rolland Berit Kristine
Røssland Håkon Georg
Røssland Kari Sandvik
Røssland Mikal
Røssland Nora
Saghaug Liv Bjørnebøle
Seberg Jon
Seglem Geir Arne
Seglem Kristina Rolland
Skaaluren Jan Martin
Skogtun John Tveit
Skåle Per P.
Slettebakken Rune
Spjelkavik Sigmund
Stigum Sidsel
Storhaug Johan
Stuland Synneva
Støle Nils Olav
Sunde Brita F.

Sunde Svein A.
Thorsen Håkon
Vetlækre Marie
Vågen Berit Skjelnes
Vågen Malin Skjelnes

Digital registrering av turane, Tell Tur

I samarbeid med Friluftsrådet Vest og Kvinnherad Kommune la vi i fjor til rette for digital registrering av fjelltrimturar. Vi nytta for det meste turmål som er med i Tursti Kvinnherad. Desse turmåla er godt merka. Kvar tur har poeng etter gradering.

Tell Tur er Friluftsrådene sitt system for å registrera besøk og er basert på ein kode for kvart turmål som ein må logga inn eller sender via ein sms. Systemet er landsomfattande.

I Kvinnherad var det 177 personar som registrerte sine turar. Vi hadde 18 postar med I dette.  Totalt vart det registrert 1710 besøk.

Turmål som var med I Tell Tur med antal besøk I parentes:

Blånuten (31), Borgundnuten (77), Bremstølen (138), Fonnabu (33), Gråskallen (103), Handelandsdalen/Feto (95), Kaldestadåsen (373), Malmangernuten (16), Melderskin (50), Mjelkhaug (83), Nordfjell (183), Skålafjell (46), Svartatjødnø/Valen (210), Tjodberghaugen (26), Ulvanosa (31), Varden/Varaldsøy (40), Vardhaugselet (142), Ænessetra (26).

No når snøen forsvinn meir og meir I fjella, er det tid for å ta fram fjellsko og gå turar. Nokre turmål kan nåast på ski.

Dei ivrigaste fjelltrimmarane er allereie godt I gong med å registrera sine turar. Vi ønskjer nye velkomne med på denne uhøgtidelege konkurransen, der ein konkurrerer med seg sjølv eller kanskje naboen. Klyppekort til fjelltrimmen finns I turprogrammet Ta Turen og på nettsida under Fjelltrim-fana. Tell tur-registrering kan ein gjera på nettet <http://telltur.no/friluftsradet-vest> .

Turmål og omtalar av desse med bilder, gradering, kart m.m. finn du her: <http://tursti.kvinnherad.no>

GOD TUR!

Tekst og foto: Kvinnherad Turlag v/Anne Kari W. Enes.
Nett: Thor Inge Døssland